



**BEITEDYR OG
BANDTVANG PÅ
HUND
I SEL KOMMUNE**



I Sel kommune blir det sleppt om lag 7 500 sau og lam på utmarksbeite. I tillegg blir det sleppt 700 storfér, 100 geiter og det er også hestar på utmarksbeite.

Desse dyra utnyttar dei store ressursane vi har i utmarka samstundes som dei er med og pleier kulturlandskapet rundt setrene våre. Dyra får jamnleg tilsyn av dyreeigarane og innleigde gjetarar, slik at ein raskt kan oppdage sjuke eller skadde dyr.

Samla fôropptak på utmark ein beitesesong i Sel er på 950 000 føreiningar (ei føreining tilsvrarar förverdien av 1 kg bygg). Samanliknar vi med prisen på kraftfôr, betyr det eit fôropptak med ein verdi på 3,3 millionar kr.

Med det fôropptaket dyra har på utmarksbeite ein sommar i kommunen, blir det produsert 54 000 kg lammekjøtt og 20 000 kg storfekjøtt. Salsverdien på dette er om lag 3,7 millionar kr. Kjøttet frå området vårt har høg kvalitet, og ikkje minst; det er produsert på godt utmarksbeite i staden for på kraftfôr.

Mykje av beiteområda er også nytta som turområde. Det er mange turgårarar som kjem borti beitedyr, og det hender desse ser dyr som har vorte sjuke eller skadde. Det er til stor hjelp når det blir varsla om slike dyr, slik at eigaren kan ta hand om dyra så raskt som råd. Dersom de ikkje har telefonnummer til nokon av dyreeigarane eller gjetarane, kan Landbrukskontoret kontaktast; tlf. 61 29 36 00. Det er då til stor hjelp for å finne rette eigar at de kan informere om farge på halsklave, farge på øyremerke eller ID-nummer på øyremerke, i tillegg til plassen dyra vart funne på.

Til vanleg er det ikkje noko problem med beitedyr og turgåarar i same område. Det er imidlertid nokre tilfelle årleg der det blir uheldige situasjonar med hundar som er lause og som jagar beitedyra. Sauer er sårbare overfor jaging, og

dei kan døy pga. sprenging (overanstrenging).



For å unngå slike situasjonar som er leie både for saueeigar og hundeeigar, fastsette Sel kommune ei kommunal forskrift om bandtvang på hund. Den generelle/nasjonale bandtvangsperioda er 1. april – 20. august. Den kommunale forskrifta seier at i Sel kommune skal hundar haldast i band **frå og med 1. april til og med 15. oktober i dei område der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar.**

Vidare er det bandtvang heile året ved skuler, barnehagar og idrettsanlegg, avgrensa til skulens/barnehagens og idrettsanleggets eige område. Det same gjeld på kyrkjegardar og ved byggefelt og tettstader.

Det er bandtvang på og ved alle merka og preparerte skiløyper frå det tidspunkt dei blir preparert og fram til prepareringa opphører.

I Rondane Nasjonalpark er det eiga forskrift der bandtvangstida er fastsett f.o.m. 1. mars. I Skottvatnet naturreservat er det eiga forskrift som fastsett at det er bandtvang heile året.

Forskrifta gjeld ikkje for:

- a) dresserte gjetarhundar i arbeid
- b) tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening/prøving
- c) hund nytta i ettersøk etter såra eller sjukt vilt
- d) jakthundar som brukast under lovleg jakt, samt under lovleg trening eller prøving og som blir følgt på forsvarleg måte av eigar eller innehavar
- e) hund brukt til lovleg uttak av rovvilt
- f) organisert trening av brukshundar



Brosjyra er utarbeidd av Landbrukskontoret for Sel og Vågå